



Arkivnr: 2014/927-4  
Saksbehandlar: Ingvar Skeie

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		18.02.2015
Fylkestinget		10.03.2015

### Finansforvaltninga i 2014

#### Samandrag

I saka vert det gjeve oversyn over fylkeskommunen si lånegjeld, vurdert opp mot krava i finansreglementet. Vidare finn ein oversyn over bankinnskot og omtale av renteinntekter og -utgifter.

Fylkeskommunen si lånegjeld auka med 891 mill. kr i 2014 og har passert 8,1 mrd. kr. Renta er bunden på 56 % av låneporteføljen. Fylkeskommunen er dermed lite utsett for renteendringar på kort sikt.

#### Forslag til innstilling

Fylkestinget tek rapporten om finansforvaltninga i 2014 til orientering.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Nils Vetlesand  
Konst. fylkesdirektør økonomi

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 05.02.2015

### Lånegjeld

Fylkeskommunen er inne i ein periode med høge investeringar og kraftig vekst i lånegjelda. Følgjande oversyn viser korleis gjelda har utvikla seg i 2014:

(Beløp i tabellane oppgitt i kr 1 000)

	Fylkeskassen	Bompengeprosjekt
Lånesaldo 1. januar	7 237 735	46 000
Nye låneopptak i 2014	1 200 000	175 000
Avdrag	302 890	10 000
Avdrag ført i investeringsrekn. *	5 700	
Lånesaldo 31. desember	8 129 145	211 000


\* Motteke avdrag på utlån er nytta til å nedbetale fylkeskommunen sitt innlån.

Pr. 31.12.2014 består fylkeskommunen sin låneportefølje av 25 lån på til saman vel 8,1 milliardar kr. Gjelda har auka med 891 mill. kr i 2014.

Låna fordeler seg slik på långjevarar:

	Tal lån	Beløp	Andel
Sertifikatlån	7	2 423 000	29,8 %
Obligasjonslån	5	2 035 000	25,0 %
Kommunalbanken	12	3 658 691	45,0 %
DNB	1	12 454	0,2 %
<b>Totalt</b>	<b>25</b>	<b>8 129 145</b>	<b>100,0 %</b>

Sertifikatlån og obligasjonslån er lån direkte i marknaden, der bankane berre optrer som mellommenn. Sertifikatlån har løpetid på inntil 1 år, medan obligasjonslån har løpetid på over 1 år.



Det er sertifikatlån og obligasjonslån som har auka siste året, medan lån i Kommunalbanken er redusert. med 358 mill. kr.

Fylkeskommunen har teke på seg oppgåva som "bompengeselskap" for tre vegprosjekt: E39 over Stord / Fv.545, E134 Åkrafjorden og Årsnes ferjekai. Til dei to sistnemnde prosjekta har ein lån på 211 mill. kr.

### Forvaltning av gjeldsporteføljen

I finansreglementet er det sagt at "Låneporteføljen skal vera diversifisert med omsyn til løpetid og rentebinding." Det er vidare bestemt at "halvparten av lånegjelda bør som hovudregel ha fast rente. Andelen fast rente kan likevel variera mellom 40 % og 60 % ut frå om ein finn vilkåra for binding gunstige eller ikkje."

Tabellen nedanfor gjev oversyn over fordelinga mellom fast og flytande rente:

	31. des. 2013			31. des. 2014		
	Lånesaldo	Andel	Rente	Lånesaldo	Andel	Rente
Lån med fast rente	4 156 000	57,4 %	3,42 %	4 556 000	56,0 %	3,32 %
Lån med flytande rente	3 081 735	42,6 %	2,32 %	3 573 145	44,0 %	2,16 %
<b>Totale lån</b>	<b>7 237 735</b>	<b>100,0 %</b>	<b>2,95 %</b>	<b>8 129 145</b>	<b>100,0 %</b>	<b>2,81 %</b>

Av tabellen går det fram at 56 % av gjelda har fast rente. 4 lån på til saman 1 235 mill. kr er tekne opp med fast rente. I tillegg har ein inngått 10 rentebytteavtalar<sup>1</sup>, som sikrar renta for lån på 3 321 mill. kr.

Gjennomsnittleg rentesats for heile låneporteføljen var 2,81 % pr. 31 desember, som er 0,14 % lågare enn ved førre årsskifte.

### Utviklinga i marknadsrenter

Norges bank sette ned styringsrenta 11. desember 2014. Det er forventning i marknaden om ytterlegare rentenedgang i 2015, og det er forventa at det vil gå minst to år før det vert aktuelt å heve renta igjen.

Elles har ein gjennom 2014 sett ein markert nedgang i lange renter. Men sidan fylkeskommunen frå før har bunde renta på tett oppunder 60 % av låneporteføljen, har det ikkje vore rom for å auke andelen fast rente.

Fylkeskommunen har prioritert å sikre seg mot renteoppgang. Baksida er då at det tar tid før ein får full effekt av lågare marknadsrenter. Men ein ventar at gjennomsnittsrenta for den eksisterande låneporteføljen vil vise ein fallande tendens gjennom 2015. For nye lån som skal takast opp i 2015 vil ein straks få effekt av lågare rentenivå.

### Renteregulering


Gjennomsnittleg bindingstid på renta skal i følgje reglementet vere minimum 1 år og maksimum 4 år. Ved årsskiftet var gjennomsnittleg rentebindingstid 1,9 år.

Oppstillinga på neste side viser kor stor del av låneporteføljen som har renteregulering kvart år. 52,4 % av porteføljen vil få regulert renta i løpet av 2015. I løpet av dei 3 næraste åra vil vel 69,7 % av dagens låneportefølje få fastsett ny rente.


<sup>1</sup> Ved å nytte rentebytteavtalar kan ein endre samansetjinga mellom fast og flytande rente på låneporteføljen, utan å endre vilkåra for dei einskilde låna. Om ein t.d. har eit lån på 300 mill. kr med flytande rente, kan ein inngå avtale med ein bank om å motta flytande rente av 300 mill. kr og betale fast rente av same beløpet. Fylkeskommunen vil etter dette både betale og motta flytande rente av 300 mill. kr, og endar opp med netto å betale fast rente av lånesummen.

År	Beløp	Tal lån	Andel
2015	4 263 145	13	52,4 %
2016	680 000	2	8,4 %
2017	725 000	2	8,9 %
2018	555 000	2	6,8 %
2019	951 000	3	11,7 %
2020	355 000	1	4,4 %
2021	280 000	1	3,4 %
2022	320 000	1	3,9 %
Total	8 129 145	25	100,0 %

Diagrammet nedanfor illustrerer kor langt framover dagens rentebindingsavtalar strekkjer seg. Ved inngangen til 2015 har ein fast rente på 4 556 mill. kr av låneporteføljen. Ein eller to rentebindingsavtalar går ut kvart år. Den siste avtalen går ut i 2022.



Neste graf illustrerer korleis fastrenteavtalar går ut, samstundes som total lånegjeld er venta å auke. Dei 2-3 næraste åra er ein rimeleg godt sikra mot renteoppgang. Men marknadsrenta slår inn på alle nye lån som skal takast opp, og etter kvart på eksisterande lån når rentebindinga går ut.



### Løpetid

For å redusere refinansieringsrisikoen, skal låneporteføljen vere diversifisert med omsyn til løpetid. Einskildlån skal aldri utgjere meir enn 20 % av den samla gjeldsporteføljen.

Tabellen nedanfor gjev oversyn over løpetida for låna.

År	Beløp	Tal lån	Andel
2015	2 795 454	9	34,4 %
2016	850 000	2	10,5 %
2017	725 000	2	8,9 %
2018	555 000	2	6,8 %
2019	730 000	2	9,0 %
2020	705 000	2	8,7 %
2021	608 000	2	7,5 %
2022-	1 160 691	4	14,3 %
<b>Total</b>	<b>8 129 145</b>	<b>25</b>	<b>100,0 %</b>

Fylkeskommunen hadde ved årsskiftet 7 sertifikatlån. Desse har løpetider på mellom 3 og 12 månader. Obligasjonslåna har løpetider på 2 – 5 år. Kommunalbanklåna har løpetider på 10 år eller meir. Utviklinga dei to siste åra har vore at ein har erstatta kommunalbanklån med sertifikatlån og obligasjonslån. Dette inneber at ein har redusert løpetida i porteføljen. Eit måltal på dette er gjennomsnittleg kredittbinding, som no er 3,8 år. Det vil seie at det i gjennomsnitt tek 3,8 år før låna i porteføljen må refinansierast.

### Bankinnskot og plasseringar

Ein kan gje følgjande oversyn over innskot og plasseringar pr. 31. desember:

	2013	2014
Ordinære bankinnskot	479 093	656 557
Skattetrekksmidlar	102 222	105 616
Bankinnskot "øyremerkte" midlar	468 887	490 732
Bankkonti bompengeprojekt	100 548	177 795
<b>Sum bankinnskot</b>	<b>1 150 750</b>	<b>1 430 700</b>
Kassabeholdningar	8 994	21 288
<b>Sum bankinnskot og kassabeholdn.</b>	<b>1 159 744</b>	<b>1 451 988</b>

Pr. 31. desember hadde fylkeskommunen nær 1 452 mill. kr i innskot. Dette er ein auke på 292 mill. frå førre årsskifte.

Ein viktig grunn til at fylkeskommunen har relativt mykje midlar inneståande på bankkonti er det som er kalla "øyremerkte" midlar i tabellen over. Dette gjeld spelemidlar, kulturhusmidlar, den kulturelle skulesekken og ulike tilskot til regional utvikling. Renta på desse kontoane vert godskriva dei respektive føremåla.

Etter at bankavtalen vart fornya i 2012, har innskotsrenta vore høgare enn den flytande lånerenta. I 2014 har fylkeskommunen i gjennomsnitt hatt ca. 2,9 % rente på innskot på konsernkontoen. Ein har ikkje funne grunn til å plassere ledige midlar utanom konsernkontoen i 2014.

**Renteinntekter og -utgifter**

	<b>Rekn. 2013</b>	<b>Rekn. 2014</b>	<b>Bud. 2014</b>
Gebyr, kursdifferansar, morarenter	1 198	1 541	
Renter på lån	203 812	162 866	
Rentebytteavtalar (netto)		64 104	
<b>Sum utgifter</b>	<b>205 010</b>	<b>228 511</b>	<b>234 000</b>
Rentekompensasjon	24 527	32 652	29 650
Renter av bankinnskot	23 068	34 044	28 900
Renter av utlån m.m.	9 613	8 682	
Utbytte	1 000	1 377	1 000
<b>Sum inntekter</b>	<b>58 208</b>	<b>76 755</b>	<b>59 550</b>
<b>Netto renteutgifter</b>	<b>146 802</b>	<b>151 756</b>	<b>174 450</b>
Renteinnt. på spelemidlar/regionalmidl. etc.	14 198	15 894	

Brutto renteutgifter var 228,5 mill. kr i 2014. Renteinntekter og rentekompensasjon utgjorde 76,8 mill. kr, slik at netto utgift på rentekapitlet vart 151,8 mill. kr. Auken i netto renteutgifter frå 2013 til 2014 var knapt 5 mill. kr. Nedgangen i rentenivået har nesten oppvege verknaden av auka gjeld. Ein har hatt ei innsparing i høve til budsjettet på 22,7 mill. kr.

Som nemnt framfor, er det ulike tilskotsordningar innan kultur og regional utvikling der mottekne midlar vert plasserte på eigne bankkonti, og renteinntektene vert tilført dei aktuelle føremåla. Renteinntekta på desse kontoane utgjorde 15,9 mill. kr.

**Renterisiko**

Eit viktig spørsmål er korleis fylkeskommunen sine netto renteutgifter vil endre seg ved endringar i rentenivået.

Med dei lån og innskot ein hadde ved årsskiftet, vil ein renteauke på 1% medføre auke i netto renteutgifter på om lag 11 mill. kr første året. Då er det teke omsyn til rentekompensasjonsordningane for skolebygg og veginvesteringar. Fylkeskommunen får rentekompensasjon for lån på 1 433 mill. kr.